


Årsmelding 2022

ARKEOLOGISK
MUSEUM

Universitetet i Stavanger





ILLUSTRASJON: ARKIKON

Frå direktøren

2022 kan oppsummerast som eit veldig godt år for museet. Etter to år med pandemi blei det tidleg på året normale tilstandar. Alle tilsette kom tilbake, og det same gjorde våre besøkande.

Det har vore eit jubileumsår, og museet har hatt dobbel grunn til å feire, med 1150-årsjubileet for Hafsfjordslaget og ikkje minst 50-årsjubileum for Jernaldergården!

Rikssamlingsjubileet 2022 var koordinert av Rogaland fylkeskommune, og kommunane Stavanger, Sola, Haugesund og Karmøy var vertskap for hovudmarkeringa i juni. Gjennom jubileumsåret hadde Arkeologisk museum mange større og mindre arrangement retta mot publikum. Det blei mellom anna gjennomført kurs i å lage sin eigen vikingdrakt, og det var konkurransar både i nord og sør om å lage tekst til runesteinar som skulle setjast opp som minne om feiringa. Det blei og laga jubileumsutstilling om «Rikssamling og statsbygging», som trakk opp dei lange linjene frå merovingartid til mellomalder.

Ved det førre rikssamlingsjubileet i 1972 stod det minste huset på Jernaldergården ferdig rekonstruert til kong Olav sitt besøk. I fjor blei dette huset reist på nytt, klar for det store jubileet. I slutten av september samla tilsette ved Arkeologisk museum seg for å feire den runde dagen for vår andre heim. Jernaldergården frem i ny prakt med det nye besøkssenteret, rekonstruerte Husfruas hall og Veslestova. Det er altså ein ny og sprek 50-åring me har på Jernaldergården.

Eit anna jubileum som ein arbeider frem mot er Stavanger 2025. Ei viktig brikke her er rapporten frå domkyrkjegravinga som kom ut no i haust. Museet er som kjend og sterkt involvert i det å gjere kyrkja klar til jubileumsåret. Her har me oppdraget med både stein- og interiørrestaureringa. Dette har også gitt oss høve til å sette domkyrkja sitt barokke inventar under lupa. Her er spørsmåla: Kven har skore og kven har måla dette? Det blir spanande å følgje dette arbeidet vidare fram mot neste jubileum i 2025.

Samlingane veks, i hovudsak gjennom dei årlege arkeologiske undersøkingane og metallsøkjjarfunn. Det var spanande å sjå korleis saken om funnet av «Jåttåsverdet» spreidde seg i media både her til lands og i utlandet. Fascinerande var det også korleis konservatorar og arkeologar løyste den store oppgåva det var å sikre Kvitsøykrossen under arbeidet med Rogfasttunnelen.

Frå haug ok heiðni blei i 2022 lagt om til eit digitalt tidskrift, kor mange av artiklane blei samla i ei ny årbok frå museet. Me får her eit innblikk både i den rike tradisjonen me har med oss frå tidlegare generasjonar av forskarar, men også alt det nye som skjer på forskingsfronten. Det blei ei flott årbok.


Me er innovative med bruk av ny teknologi både med 3D-skanning og bruk av georadar. Forskingsprosjekta våre gjer spennande resultat og me ser verkeleg frem til dei kommande åra, blant anna til resultatata frå dei tre NFR-finansierte prosjekta og prosjektet «Maktens havn». Totalt har museet no elleve rekrutteringsstillingar, og eg er utroleg glad for at vår stipendiat Lise Johnsen disputerte for sin doktorgrad i vår.

Museet ert nyskapande med vår forskingsformidling og er blitt ein arena for forskingsmøte gjennom mellom anna Forskingspub. Nye mellombelse utstillingar gir nye innblikk og basisutstillinga blir stadig utvikla stadig. Ei særleg viktig utstilling som stod klar i år er "Til deg du myr". Utstillinga retter søkjelyset mot våtmarkene både som økosystem og som arkiv for natur- og kulturhistorie. I tillegg til den nemnde jubileumsutstillinga er det sett opp to mellombelse utstillingar. Ei bergkunstutstilling innlånt frå Tromsø stod på våren, og blei avløyst av Eli Glader si kunstinstallasjon MUSEUM. Spennvidda er stor!

Takk til alle som bidrar til å gjere museet godt!

STAVANGER 24.03.2023


Ole Madsen
direktør



Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger (AM)

har som samfunnsoppdrag å bygge opp, drive og vedlikehalde vitenskapelige samlingar og publikumsutstillinger.

Museet sine vitenskapelige samlingar skal vere tilgjengelege for nasjonale og internasjonale forskingsmiljø. Formidling er eit prioritert område, og det er nettopp forskingsbasert formidling, irekna allmennretta formidlingstiltak av våre samlingar, som er målet.

I tillegg har museet omfattande forvaltningsoppgåver i medhald av kulturminnelova.



Formidlingsverksemda ved museet

Me har hatt til saman 63 722 besøkande i 2022. Med koronapandemien tilbakelagt, blei det nær ei dobling frå året før. Me opna tre nye utstillingar i fjor. Den fyrste var **Til deg du myr**, som opna 18. mai. Her viste me våtmarker som landskapstype, og formidla den store verdien av myr, tjern og sump har, både for biologisk mangfald, økosystem og som eit natur- og kulturhistorisk arkiv.

I 2022 feira me 1150-årsjubileum for slaget i Hafrsfjord og rikssamlinga. I jubileumsutstillinga **Rikssamling og statsbygging**, som opna 1. juni, løfta me fram dei lange prosessane som skapte det stabile kongeriket Noreg.

I kunstinstallasjonen **MUSEUM**, som opna 17. september, viser biletkunstnar Eli Glader tre videoar som er filma i Baku i 2008 og 2009, før museet der blei renovert.

Det kom 5171 elever og lærarar, som er 207 klasser, til Arkeologisk museum. I ei veke i mars arrangerte me eit fullt program for lærarstudentane ved Universitetet i Stavanger. Opplegget blei utarbeidd av skoletenesta, og både førsteamanuensis Håkon Reiersen, professor Kristin Armstrong-Oma og professor Elna Siv Kristoffersen var viktige bidragsytarar.

ÅRSSTATISTIKK		2020	2021	2022
Publisert	AmS-småtrykk	3	2	1
	Frå haug ok heiðni - digitalutgivelser	0	0	3
Utstillingar (nye)	Eigenproduserte	2	1	4
Besøk	Arkeologisk museum (AM) totalt	10 656	23 455	42 713
	Cruise	274	0	6 678
	Bursdagsdeltakere	Utgått	0	Utgått
	Tirsdagsforedrag	368	546	690
	Leietakere	1 735	1 922	3 87
	Andre/drop in	4 858	15 356	25 558
	Skoletjenesten AM	2 942	2 459	5 171
	Utenomhus ikke reg i kasse	479	42	0
	Utenomhus reg i kasse	0	313	746
	Jernaldergarden (JAG) totalt	8 831	10 36	21 009
	Leietakere/utleie	910	665	1 741
	Cruise	15	0	8 704
	Andre/drop in	5 741	7 462	8 119
	Skoletjenesten JAG	2 165	2 233	2 445
	Samlet besøk	19 487	33 815	63 722

I 2022 deltok dei tre museums pedagogane Steffen Simonsen, Heidi Wevle og Ellen Hagen i formidlingsavdelinga på utveksling gjennom Erasmus + i forbindelse med prosjektet "Follow the Vikings". Prosjektet vart samarbeid med Dublinia Viking Museum i Irland, Jorvik Viking Centre i England og Museum Vestsjælland.

På **Jernaldergården** hadde me besøk av 2445 elever og lærarar, altså 98 klasser. I fjor markerte me 50 års-jubileum for Jernaldergården, og opna og den nye rekonstruksjonen av Veslestova. Det er sett opp ei fotoutstilling i besøkssenteret i forbindelse med 50 års-jubileet. Me har lansert nye publikumstilbod som «Flukten fra jernalderen», «Gilde i Husfruas Hall» og hatt arrangement med forteljingar, dramatiseringar og musikk, som «Grøss på Gravhaugen», Viking Duo, og Stavanger Operakor.

Besøkssenteret og Jernaldergården har vorte mykje utleigd til ulike selskap og arrangement.




FOTO: MAL

FORSKING I TAL	2020	2021	2022
Vitskapelege nasjonale publiseringar	42	51	11
Vitskapelege internasjonale publiseringar	31	15	15
Vitskapelege foredrag	10	22	57
Vitenskapeleg produksjon: Publiseringspoeng	44,5	22,1	26
Kongressar/seminar på museet	0	0	4
Gjesteforelesingar på museet	0	0	7
Verv i internasjonale komitear	1	4	4
EU-søknad	0	0	0
NFR-søknad	1	1	1



FOTO: TERJE TWEIT



	2020	2021	2022
Avdeling Samlingar	4,2	0,9	6
Avdeling Konservering	0,5	1,7	1,2
Avdeling Formidling	1,9	1	1,4
Avdeling Fornminnevern	28,11	15,5	17,4
Administrasjon	10	0	0
Arkeologisk museum	44,53	19,1	26

Forsking og utvikling

GENERELT OM FORSKING VED MUSEET

I 2022 har me hatt ti tilsette stipendiatar og to postdoktorar, inkludert ein Marie Skłodowska-Curie Actions-post doc, og ein tilknytt NFR-prosjektet LAST. Me har hatt tre aktive programområde, som har bidratt til forsking gjennom publikasjonar, konferansedeltaking, søknadar og formidling. Det blei gjennomført sju Forskarforum med fem eksterne og to interne føredragsholdarar i vår og haust, delvis fysisk og delvis digitalt. Det ble tildelt driftsmidlar for forsking basert på publiseringspoeng og søknadar. Ein forskar ble tildelt midlar for å arbeide med ERC-søknad, tre forskarar utan fast forskingstid i stillinga fekk tildelt frikjøpstid til artikkelskriving, og fire forskarar fekk tildelt reisestipend til forskingsreiser i utlandet. To forskarar blei tildelt eit semesters forskingstermin kvar. Fleire forskarar deltar også i nettverk, verv, undervising og som sensorar, både internt på UiS og eksternt.

Konserverings- og restaureringsverksemd

Konserveringsverksemd ved museet er organisert i tre fagområde. Den eine gruppa jobbar med konservering av arkeologisk materiale og samlingane til museet. Dette er ein lovpålagd oppgåve etter kulturminnelova og ein integrert del av museets forvaltningsverksemd. Nytt, arkeologisk materiale som vert lagt til samlingane, kjem både frå pågåande arkeologiske utgravingar og som lausfunn levert inn frå private og til dømes metalldetektoristar.

Det mest spektakulære funnet som blei konservert i 2022, var nok eit metalldetektorfunn frå Jåttå, som viste seg å vere eit **sverdhjalt frå vikingtida**. Det blei funne i to delar av to ulike finnerar uavhengig av kvarandre, den eine delen i 2021, den andre våren 2022. Hjaltet, eller sverdgrepet, har dyrestildecor utført i gull og sølv, ein stil som er typisk for yngre jernalder. Sverdet høyrer til ein sjeldan type som omfattar dei rikaste dekorerte og tyngste sverdtypane frå vikingtida. I Noreg er det tidlegare funne færre enn 20 stykk av denne sverdtypen. Andre funn som fekk stor merksemd i pressa og som blei tekne inn til konservering, var godt bevarte skjelett i samband med graving rundt Stavanger domkyrkje i desember.

Avdelinga sine to andre fagområde, steinkonservering og bygningsrestaurering, og målerikonservering og bygningsundersøkingar, har store oppdrag i restaureringa av **Stavanger domkyrkje**, Domkirken 2025, med Stavanger kommune som oppdragsgjevar. Steinkonserveringsteamet - med konservatorar og svært dyktige spesialhandverkarar innan tradisjonsmuring og steinhogging, står no føre innspurten på klebersteinskonserveringa i domkyrkja. Arbeidet skal i hovudsak vere slutført innan utgangen av 2024. Dette er eit svært krevjande og komplekst oppdrag, som me gler oss til å presentere i rapportar og andre formidlingsformer.



Stavanger domkirkes barokke inventar under lupen, hvem har skåret hvem har malt? Bli med malerikonservererne Hilde Smedstad Moore og Lise Chantrier Aasen inn på konserveringslabben på Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger.



SAMLINGAR	2020	2021	2022
Planarkiv/topografisk arkiv			
Registrerte dokument	1000	843	731
Bildearkiv			
Fotodatabase (bestand, skanna og nye foto)	206 576	212 535	214 933
Web-publiserte foto (bestand)	160 389	166 348	168 746
Objekt			
Talet på museumsnummer (bestand)	14 366	14 478	14 662
Talet på gjenstandar (bestand)	1 449 493	1 481 387	1 718 844*



FOTO: ANNETTE GRÆSLI ØVRELID, AM-UIS

*Merk at talet ikkje er samanliknbart med tal frå tidlegare år, ettersom me har endra teljemåten.

Målerikonservatorane har på si side fått stor merksemd rundt oppdraget med domkyrkjas inventar, i form av minnetavler, preikestol med meir. Museet har bidratt med strategiske midlar til eit forskingsprosjekt relatert til dette oppdraget, noko som har gitt høve til samarbeid mellom universitetsmuseet og Museum Stavanger. Forskjingsprosjektet sin tittel er «Stavangers barokke inventar under lupen - hvem har skåret og hvem har malt?» Målerikonservatorane har diverse andre oppdrag, som for eksempel tilstandsvurdering og registrering av universitetet si kunstsamling, som blei slutført i 2022.

Samlingsavdelinga

I 2022 var det stor tilvekst av både samlingar og arkiv, der fleire har vakt interesse hjå forskarar og publikum. Blant anna har me fått to sjeldne funn frå vikingtida. Det eine er det nemnde sverd hjaltet frå Jåttå som blei funne ved metallsøk. Sverdet fekk nasjonal og internasjonal merksemd og blei stilt ut på Museumsnatt.

Det andre funnet er eit smykkesett frå ei kvinnegrav i Frafjord. Funnet består av to ovale spenner av sølv/messing, ei likearma spenne av bronse, to armringar av bronse og 60 perler. I haust fekk me også inn ein pilspiss av flint frå eldre bronsealder, funne av ein 11 år gamal gut frå Rennesøy.

Dei siste ti åra har Arkeologisk museum fått inn nærare 1000 gjenstandar funne ved metallsøk i Rogaland. I tillegg til dei nemnde funna, blei det i 2022 levert inn 38 gjenstandar, inkludert tre insulære beslag frå vikingtida produsert i Irland, ein kniv, ni myntar frå vikingtida og mellomalderen, to nøklar, ein reimfordelar til seletøy frå jernalderen, eit fragment av røykelseskar, åtte draktspenner frå jernalderen og mellomalderen, ein terning, to spinnehjul, ei vareplombe, fem vektlodd, ein sølvbarre, ein øyreskei og ei hengsle.

I løpet av året har to utstillingar basert på samlingane blitt sett opp - «Til deg du myr» med tregjenstandar og «Rikssamling og statsbygging» med metallgjenstandar og bygningsstein. Vår fotograf har vore involvert i begge gjennom nyfotografering og videoproduksjon.

I det naturvitskaplege magasinet har det blitt motteke og magasinert materiale (hovudsakleg trekullprøver og makrofossil) frå 63 ulike saker som inngår i museet sitt forvaltningsområde. I tillegg har me

levert tilbake alt arkeobotanisk materiale frå forvaltningsgravingar som inngår i Universitetsmuseet i Bergen sitt forvaltningsområde. Dette er saker der AM-tilsette har vore med i arbeidet med sortering og analyse av det naturvitskaplege materialet. Det har vore ytt referansetenester til både interne og eksterne forskarar.

I 2022 har det vitskaplege arkivet hatt hovudfokus på intern opplæring av nytilsett med arbeidsoppgåver fordelt mellom foto og arkiv. Elles har arkivarbeidet gått som normalt, jamt fordelt på arkivordning, spørsmål frå publikum om foto, kjeldesikring og befaring og inspeksjon av interne og eksterne lager. Museet har òg vore ettertrakta og har lånt ut rekvisittar til kortfilmen om funnet av dei kinesiske myntane på Skagen i 1968. Rogaland er eitt av områda i landet med flest **bergkunstlokalitetar** og samlingsavdelinga har eit kontinuerleg skjøtselsansvar for desse. Det er registrert rundt 110 felt med figurar og/eller skålgroper på fast fjell og lausblokker i landskapet; det første blei dokumentert i 1866. I 2022 blei det påvist eit nytt felt på Madlatua i Stavanger etter melding frå privatpersonar. I tillegg blei ei større figurgruppe attfunne på Austre Åmøy, tidlegare antatt sprengd bort.

I løpet av 2022 blei dokumentasjon med 3D-skanner tatt i bruk som supplement til tradisjonell dokumentasjon, ein metodikk med lovande resultat så langt. Bergkunstdokumentasjon med fokus på 3D-skanning var tema for eit arbeidsseminar i Alta, der fleire frå samlingsavdelinga deltok. Me heldt òg ein workshop om 3D-dokumentasjon med deltakarar frå Centre for Early Sapiens Behaviour, eit Senter for framifrå forskning (SFF) ved Universitetet i Bergen. Bergkunstarbeidet vil halde fram i 2023.

I 2022 blei to nye tilsette på avdeling samlingar. Aleksandra Agata Wiercinska blei tilsett som rådgjevar i vitskapleg arkiv, medan Sigmund Oehrl blei tilsett som førsteamanuensis i arkeologi.

Fornminnevern

I 2022 har avdelinga hatt 34 fast tilsette. Staben består av både teknisk-administrative tilsette og vitskapleg personale innan fleire fagdisiplinar. I tillegg til arkeologi har fleire ein naturvitskapleg bakgrunn, samt osteologi. Dei siste åra har me også hatt ei auke i rekrutteringsstillingar ved avdelinga. Me har no fire stipendiatar og ein postdoktor.

Avdelinga er ein rådgjevande aktør innan **kulturminneforvaltinga** for Riksantikvaren, Rogaland fylkeskommune og andre kommunar innan eit regionalt perspektiv. I tillegg saksbehandlar me eit breitt spekter av dispensasjonssakar, der me gir tilrådingar og utviklar eigne prosjekt som eit ledd i kulturminneforvaltinga.

Prøveprosjektet «Arkeologi på Nye veier», som var eit samarbeidsprosjekt mellom forvaltningsinstitusjonar innanfor heile vegtraséen, har førebels hatt si siste sesong i 2022. Registreringsarbeidet er ferdigstilt i Rogaland, og me gjennomførte i år ei større undersøking av fleire aktivitetsflater frå steinalderen ved Hellervatnet i Lund kommune. Harestad, som har vore eit toårig prosjekt, hadde også si siste sesong i 2022. Gjennom dei to sesongane har me avdekket ein omfattande gardbusetnad i området frå både bronse- og jernalderen. Spor etter den tidlegaste busetnaden har me fått undersøkt på Åmøy i år i samband med etablering av gang- og sykkelsti. I Sola undersøkte me busetnadsspor under flygesandslag frå jernalderen, og på Røyneberg i Sola fekk me auka kunnskapen vår om komplekse røysar og steinsetjingar. Georadaren vår er nytta ved ein rekkje høve både innanfor forvaltningsprosjekta og eigeninitierte forskingsprosjekt.

Se de ti mest spanande arkeologiske funna i Rogaland i fjor

Oversyn

MUSEUMSSTYRET har ansvar for å fastsette overordna mål, prioriteringar og strategiar for museet innanfor rammes gjevne i regelverk og overordna vedtak. Museumsstyret består av åtte medlemmar: tre eksterne representantar, ein studentrepresentant, tre faglege representantar og ein administrativ.

Styret for perioden 2021- 2025 er satt saman slik:


Leiar: Axel Christophersen, professor, Vitenskapsmuseet, NTNU

Andre faste medlemmer: Charlotte Brysting Damm, professor, UiT
John Peter Hernes, kommunestyremedlem Stavanger Høyre
Philip Lundberg Jamissen, Studentrepresentant
Wenche Brun, Vitskapeleg tilsett, AM-UiS
Trond Meling, Vitskapeleg tilsett, AM-UiS
Astrid Johanne Nyland, Vitskapeleg tilsett, AM-UiS
Hilde Alette Smedstad Moore, Teknisk-administrativt tilsett, AM-UiS

Varamedlemmer: Hanne Windsholt, byantikvar, Stavanger, 1. vara eksterne medlemmer
Karl Kallhovd, Ass. Museumsdirektør, KHM, UiO, 2. vara eksterne medlemmer
Even André Auflem Bjørdal, 1. vara vitskapeleg tilsette
Sigrid Alræk Dugstad, 2. vara vitskapeleg tilsette
Bettina Ebert, 3. vara vitskapeleg tilsette
Hilde Fyllingen, 4. vara vitskapeleg tilsette
Hege Ingjerd Hollund, 5. vara vitskapeleg tilsette

Administrasjon: Ole Madsen, museumsdirektør, sekretær for styret
Marianne Finsnes Molineaux, administrasjonsdirektør, referent

Organisasjonsplan



PERSONALET

I 2022 hadde museet 96 årsverk fordelt på 92,15 tilsette. 45 personar var tilsette i vitenskaplege stillingar og 51 personar i museumsfaglege og administrative stillingar. Ein person er knytt til museet gjennom ulike tiltak/arbeidstrening i løpet av året. Ein arbeider målretta for å halde talet på mellombels tilsette på et minimum, men på ein arbeidsplass med stor sesongprega prosjekt- og formidlingsverksemd kan ein likevel ikkje unngå ein viss del mellombelse stillingar.

Tabellen viser talet på årsverk ved utgangen av året:

Årsverk	2020	2021	2022
Alle stillingar	91,5	94,2	96

HMS

Som IA-bedrift (inkluderande arbeidsliv) har museet som mål å føre ein personalpolitikk som fremjar motivasjon og læreevne og som tek vare på helse og trivsel. Me er oppteken av systematisk oppfølging av arbeidsmiljøet på ulike måtar. Anna kvart år gjennomfører UiS ei medarbeidarundersøking som har som formål å bidra til å skape, oppretthalde og vidareutvikle eit godt arbeidsmiljø. Sjukefråværet i 2022 var 6,9 prosent, ein oppgang frå 4,1 prosent året før. Sjukefråværet varierer frå år til år, og ut frå talet på tilsette vil sjølv mindre endringar i fråværet gi store utslag i prosentar. Sjukefråværet blir følgt systematisk opp i samsvar med rutinane for UiS og i samarbeid med NAV. Det fysiske arbeidsmiljøet vert følgt opp mellom anna i samarbeid med bedriftshelsetenesta. Me har og eit sterkt fokus på tilrettelegging av arbeid i felt.

Rekneskap	2020	2021	2022
Løyving	45,3	45,5	47,4
Eigeninntekter	2,1	3,5	5,2
Interne overføringar	1,2	-0,9	-0,4
Eigenandel prosjekt	-0,4	-0,9	-1,9
Investeringar	-3,1	-3,7	-1,7
Inntekter	45,1	45,3	48,6
Løn	-48,6	-50,2	-52,7
Vareforbruk	-0,4	-1,2	-1,5
Varer og tenester	-8,6	-8,2	-8
Reisekostnader	-0,6	-0,5	-0,9
Interne overføringar	5,1	-0,3	-0,1
Overhead	10,1	14,6	15,3
Kostnader	-43	-45,8	-47,9
Resultat	2,1	-0,5	-0,7

ØKONOMI

Basisløyvinga til museet kjem over statsbudsjettet, som ein del av universitetet si løyving. I tillegg har museet oppgåver i medhald av lov om kulturminne, konserveringsoppdrag og omsetnad frå ei rekke aktivitetar.

Av investeringar som blei gjort i 2022 kan nemnast mikroskopi og anna vitenskapelig utstyr, nye basisutstillingar, lyssetting av utstillingar og publikumsareal samt tilrettelegging med omsyn til inventar av det eine rekonstruerte bygget på Jernaldergården.

Samla kostnader, medrekna eksternt finansierte oppdrag var inkludert investeringar på 101 millionar kroner, det vil sei omlag som året før, medan den ordinære løyvinga var 47,4 millionar kroner, inkludert øyremerka strategiske tiltak.

Rekneskapen per 31.12.2022 viser eit resultat på 0,7 millionar kroner i mindreforbruk.



FOTOS: TERJE TVEIT

BYGG

Arkeologisk museum har tilgjengeleg 9850 kvadratmeter fordelt på hovudbygg, besøkssenteret på Jernaldergården, lager og utleigebustad. Statsbygg har ansvar for bygg med faste tekniske installasjonar, mens museet eig inventar og utstyr.

